
Fra: Monika Cecylia Serafinska <Monika.Serafinska@hfk.no>
Sendt: onsdag 30. august 2017 10.55
Til: Gunnar Wiederstrøm
Kopi: Alexander Helle
Emne: Angående etablering av tursti i område med automatisk freda kulturminne - områderegulering Midtmarka-Rotemyra - Meland kommune

Hei,

Og beklagar sein tilbakemelding.

Kartet du viser til syner forslag til omsynssone H570 bevaring av kulturmiljø. I omsynssona ligg det to automatisk freda kulturminne, Askeladden id.121540 og 121541, som er bandlagt etter kulturminnelova. Det er likevel mogleg å opne opp for opparbeiding av ein tursti i dette området, dersom det er gjort på ein skånsam måte.

Send oss gjerne kartforslag med plassering av turstien og informasjon om dimensjoner og utforming av tiltaket når dette er avklart.

Med helsing

Monika Serafinska

Arkeolog | Spesialrådgjevar
Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf.: 55 23 91 80
www.hordaland.no

Fra: Gunnar Wiederstrøm [<mailto:gunnar@opus.no>]
Sendt: 23. august 2017 13:35
Til: Monika Cecylia Serafinska <Monika.Serafinska@hfk.no>
Kopi: Alexander Helle <Alexander.Helle@meland.kommune.no>
Emne: Gjeld områderegulering Midtmarka/Rotemyra Meland kommune

Hei

Eg er prosjektleiar for områdereguleringa Midtmarka/Rotemyra. I samband med utviding av planområdet som vart vedteke av Meland kommunestyre i juni, kom det ein merknad frå fylkeskommunen med eit kartgrunnlag der vi treng nokre avklaringar. Karta, som ligg ved, syner ei omsynssone som strekker seg heile vegen frå Nordre til Søre Eidsvika. Føremålet med utvidinga av plangrensa var å få heile Søre Eidsvika inn i planområdet med tanke på å regulere dette til friområde, men og å få regulerte ein gangveg frå Midtmarka og inn til eksisterande gangveg opp til toppen av Håøyna. Vi treng vite om framlegg til omsynssone gjer det umogleg å regulere og opparbeide ein gangveg gjennom området.

Eg har ikkje traseen for denne gangvegen, og heller ikkje kva breidde det er aktuelt å regulere den for, men gjer framlegg om at vi lagar eit utkast som vi sender fylkeskonservatoren før vi gjer ferdig planframlegget.

Fint om du kan gje meg ei tilbakemelding på framlegget når du kjem attende på arbeid i neste veke. Har du framlegg til løysingar – område vi må unngå, er det fint om vi får det med. Vi skal uansett halde oss unna frednings- og sikringssonene.

Eg kopierer inn Alexander Helle i Meland kommune, som orienterte deg per telefon i juni.

Mvh
Gunnar Wiederstrøm
Opus Bergen AS